



Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

postmottak@aid.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.
09/274-3/09/1784//CFO

Dato:
Manger: 11.03.2009

HØYRING OM LOV OM SOSIALE TENESTER I ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTINGA

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 23.01.2009.

Radøy formannskap handsama saka i møte 26. februar d.å. og saksutgreiing, vurdering og vedtak var som følgjer:

Saksutgreiing

Arbeids og inkluderingsdepartementet sender ut framlegg om endring til lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltninga. Med dette framlegget vert dei kommunale tenestene som skal inngå i NAV kontorene regulert i eiga lov. I hovudsak vert det følgjande område som vert lovregulert:

- Stønad til livsopphald (økonomisk sosialhjelp)
- Kvalifiseringsprogrammet
- Kvalifiseringsstønad

Det vert også gjort framlegg om at fylkesmannen skal føre tilsyn med forvaltninga av tenestene etter lova, og at kommunen skal føre internkontroll. Ut over dette vil lovendringa ikkje føre til andre endringar i høve eksisterande sosialtenestelov.

I løpet av 2010 vil etableringa av NAV reforma vere slutført. Hovudmålet med reforma er at kontora skal få fleire i arbeid og færre på trygd.

Departementet ønskjer med lovforslaget å tydeleggjere samanhengen mellom sosialpolitiske og arbeidsmarknadspolitiske verkemiddel. Departementet ser det som viktig at kommunale tenester som går inn i NAV kontoret etter arbeids og velferdsforvaltningslov §13, vert skilt frå andre kommunale oppgåver forankra i eiga lov.

Vurdering:

Rådmannen ser det som positivt at det vert lovregulering slik at intensjonen med reforma kan gjennomførast i høve dei mål som er sett opp. Lovendringa markerer at NAV- kontoret vert eit kontor med felles ansvar i frå kommunal og statleg hald. Tenestene som i lovframlegget

skal regulerast, vert no skilt i frå andre kommunale oppgåver i sosialtenestelova, og vert no forankra i lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltninga.

Radøy kommune ser at NAV reforma har hatt ein noko vanskeleg start. Kommunen meiner at dersom eitt forvaltningsnivå hadde det heile og fulle ansvaret for alle tre fagområda, ville administrasjon, byråkrati, leiing og alle strukturelle grep vore betre tilpassa moderne organisasjonsformer, jf. §2.

§ 1 **Formål**

Framlegget støttast – dersom formålet vert nådd vil tenestene til brukarane verte betre

§ 2 **Kommunen sitt ansvar**

Radøy kommune meiner noko av årsaka til at reforma så langt ikkje har vore vellukka – er at det er to forvaltningsnivå som skal drive tenestene i eitt kontor. Radøy kommune meiner at beste løysing for brukarane ville vore at staten hadde ansvaret for alle dei tre hovudfaga i NAV kontoret. (Arbeid, Trygd og Sosialteneste) Når dette er sagt vil Radøy kommune likevel kommentere dei øvrige punkt.

§5 – **Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad**

Radøy kommune trur desse ordningane vil gi større livskvalitet og i større grad få personar over i arbeid, eller til stønadsordningar som gir ytingar etter folketrygdloven. Framlegget om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad støttast fullt ut. Det vert ein føresetnad at kommunane får finansiert ordninga.

VEDTAK:

Radøy kommune gir uttale til høyringa om forslag til lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i tråd med vedlagde saksutgreiing.

Radøy kommune meiner at to forvaltningsnivå som skal drive tenestene i eitt kontor, ikkje tener brukarane.

Vedtaket var samrøystes.

Leif Taule
Ass. rådmann